

Referat frå møte om

DANNING AV STUDENTERSAMFUNN I VOLDA

torsdag 12. oktober kl. 17.00.

Til stades: Hans Jakob Solheim, Kjetil Wied swang, Lennart Karlsten  
Einar Jensen, Olav Hatlemark, Brite Jacobsen.

Hans Jakob orienterte om tilbodet/utspelet som er kome frå Skogen(dagleg leiar for hotellet på Porse) om den interessa han hadde av å leige ut lokalet til slutta lag og organisasjonar sett i samband med den skjenkeløyva han no har fått innvilga. Med eit forum som eit Studentsamfunn kunne ein gjere seg nytte av denne skjenkeløyva.

Meininga med eit Studentsamfunn skal vere å samle studentane i Volda i eit felles forum og vi må difor kontakte "Ivar Aasen" for å få i stand eit samarbeid med dei. Dels for å unngå konflikt om arrangement på Porse, men mest for å prøve å inngå eit nærare samarbeid mellom studentane på DH og Lærarskulen.

Reint praktisk bør ein satse på diskusjonskveldar/krokveldar. Dette kan anten kombinerast eller ha diskusjon først og diskotek etterpå. Det kjem an på kva vi får disponere av rom. Dette er saker som må diskuterast med Skogen.

Når det gjeld det økonomiske kunne vi tenkje oss at Skogen fekk inntekta av ølsalet, det andre stod vi for, så som vakter, inngongspengar, medlemskort o.l. Vi må forhandle om prisane for å kome fram til eit mest mulig gunstig tilbod.

Initiativkomiteen bør sitje som eit interimstyre i byrjinga til vi er komne i gong, vi bør så etter ca. 1 måned få valt eit ordinært styre. Det bør vere samansett av folk med ulike interesser for å få breiast mogeleg spekter i Studentsamfunnet.

I startfasen er det ein del utgifter i samband med trykking av medlemskort o.a. I dette høvet treng vi naturleg nok pengar, og vi tenkte då å søkje om velferdemidlar ved DH. Seinare kan det vere aktuelt å søkje kommunen om midlar; så som midlar til oppstarting av lag og organisasjonar.

Ang. medlemskort kan ein i første omgang satse på kort utan bilete, men då kun gyldig saman med studentkort.

Ved adgang til diskusjonskveldar/krokveldar må ein vere medlem, men kvar medlem skal h høve til å ta med seg eit menneske utanom forutsett at aldersgrensa på 18 år blir overhalde.

Første "samlinga" planlegg vi å ha allereie fredag 20. oktober, om det er ledige lokale på Porse den kvelden.

Vi vil då legge opp kvelden som ein informasjonskveld om kva Studentsamfunnet står for og kva det har tenkt å arbeide med i framtida. Dessutan vil legge opp til diskotek den kvelden óg.

Aktuelle ting å ha i tankane:

1. Tema for ein seinare diskusjonskveld  
Forslag frå Ketil: Kritiske syn på kristendomen
2. Utarbeiding av statutter og vedtekter for Studentsamfunnet.

Praktiske gjeremål:

- Snakke med Skogen - Det skulle Olav gjere
- Kontakte "Ivar Aasen" - Hans Jakob
- Skrive søknad om velferdsmidlar - Ketil
- Trykke medlemskort
- Setje opp stand på DH og Lærarskulen og der selje medlemskort

Dei to siste punkta vart vi einige om at vi skulle ordne på  neste møte som vart beramma til tysdag 17. oktober kl. 20.00.

Møtet vart heva kl. 18.05.

Brite

(refr.)